



# FRÆNA KOMMUNE

## Administrasjonen

Administrasjonen

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200500983	Dok.nr.: 57
Arkivkode: 671.3	Dato: 03.05.05
Avd.: SAN	Saksbeh.:
U.off.:	

Det kongelige arbeids- og sosialdepartement  
Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Vår ref  
MYRODD 05/00419

Arkiv  
U60

Dykkar ref

Dato  
29.04.2005

### VEDK. HØYRINGSNOTAT OM ENDRINGAR I ALKOHOLLOVA SINE FORSKRIFTER

Vi viser til Dykkar skriv av 01.03.05 og 09.03.05 vedk. ovannemnde.

Vi skal få komme med følgjande merknader:

**Alkoholova §1-9, nytt tredje ledd:** Vi støttar forslaget om eit nytt tredje ledd som gjev løyvestyresmaktene heimel til å få tilgang til sals- og skjenkestadene sine lokale, inkl. lager og andre tilknytta lokale. Det inneber at kontrollørane kan få tilgang til vareprøver, samt innsyn i rekneskapa. Ein slik regel kan i seg sjølv verke førebyggjande, mellom anna i høve til smugling. Samtidig vil ein ha heimel for å avdekke situasjonar der ulovlege handlingar alt har skjedd.

**Forskriftene §10-2:** Vi har ikkje innvendingar mot at pliktsubjektet blir endra frå kontrollutvalet til kommunen. Med dei omorganiseringane som no er på gang i kommunesektoren, er dette ei praktisk løysing. Vi ser det likevel naturleg at kontrollutvala, i dei kommunane der det finst, følger valperioden, ettersom dei vil vere politisk opnemnde utval.

#### Innhaldet i kontrollane – forskriftene §10-6

Vi ser det som ein fordel at det blir fokusert på dei viktigaste reglane i alkoholova, samtidig som det er ei styrke at kommunane også kan rette merksemda mot dei problema som er aktuelle i nærområdet.

Eksisterande standard skjema må i tilfelle omarbeidast, slik at dei kjem i samsvar med det nye regelverket.

Ei problemstilling som kan nemnast, er omsetning av narkotika. Dette ligg utanfor kontrollforskriftene sitt regelverk. Samtidig kan gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestaden vere grunnlag for inndraging av skjenkeløyvet, jfr. alkoholova §1-8 tredje ledd. Avdekking av slik omsetning bør derfor rapporterast til politiet, som er rette instans til å foreta granskning og sikring av prov i slike saker.

Inn under reglane om aldersgrense, fell også spørsmålet om langing. Dette er aktuelt ved kontroll av salsløyve. Kontrollen kan derfor også omfatte observasjon av det som foregår utanfor salslokalet.

### **§10-7 Kontrollen av salgs- og skjenkesteder kan foregå åpent eller anonymt**

Vi går inn for at denne paragrafen blir oppretthalden. Den gjev kontrollørane høve til å arbeide i fred, og dermed få eit realistisk bilete av situasjonen. Samtidig er det viktig av dei gjev seg til kjenne etter utført kontroll, og gjev ansvarshavande høve til å komme med sine synspunkt. Vi ser problemet med anonyme kontrollar, der t.d. den overstadig rusa personen har forlatt lokalet før kontrollørane presenterer seg. Løysinga kan vere å gje seg til kjenne overfor ansvarshavande så snart regelbrotet blir avdekt.

### **§10-9 Frekvens**

Forslaget opnar for fleksibilitet, slik at kommunen kan sette inn kontrollane der dei trengst mest. Mellom anna kan ein sette større fokus på stader der ungdom ferdast og stader som har problem med gjestar som viser uønska åtferd. Her kan hyppigare kontrollar vere eit verkemiddel til å få snudd ei uheldig utvikling.

Vi støttar kravet om minimum ein kontroll årleg.

Ettersom kontrollane krev økonomiske ressursar, kan dette forslaget gje ein kjærkomen heimel for å kanalisere kontrollane dit dei trengst mest, innafor allereie eksisterande budsjettrammer.

Ser ein dette forslaget i samanheng med forslaget om internkontroll i kap. 10 A, skulle ein få ein brukbar kontrollreiskap.

### **Rutiner og sakshandsaming**

§10-4 regulerer kommunen sitt ansvar for at kontrollørane får den naudsynte opplæring. Dette er ein naturleg del av oppdragsgjeveransvaret.

Når det gjeld spørsmålet om opne eller anonyme kontrollar, jfr. §10-7, går vi, som nemnt ovanfor, inn for at det framleis skal vere heimel for anonyme kontrollar. Dette kan vere ein naudsynt føresetnad for å få eit realistisk bilete av situasjonen. For å sikre rettstryggleiken, meiner vi det kan vere riktig å gje seg til kjenne så snart eit lovbrøt blir avdekka. Dette er naudsynt i dei situasjonane der ein elles ville misse prova. Eks.: Brøt på aldersgrensereglane, skjenking til openbert rusa personar eller brøt på sals- / skjenketidene.

Ved kontroll av varelager og rekneskap må kontrollørane legitimere seg før kontrollen tek til.

### **Forslag til utforming av regelen i §10-7:**

”Kontrollen av salgs- eller skjenkesteder kan foregå åpent eller anonymt.

Ved avdekking av lovbrudd, skal kontrolløren straks gi seg til kjenne overfor ansvarshavende, dersom det er nødvendig for å hindre at bevis går tapt.


Etter utført kontroll skal kontrolløren alltid presentere seg for stedets ansvarshavende og redegjøre for sitt inntrykk av stedet.

Ved kontroll av varelager og regnskaper, jfr. alkohollova §1-9, skal kontrolløren alltid legitimere seg på forhånd.”

#### §10-8 Skriftleg rapport

Vi støttar forslaget til tidsfristar for sending av rapport og uttale frå sals- eller skjenkestaden. Kontrollørane bør ha sin rapport klar innan ei veke. Dette fordi det er viktig å utarbeide dokumentet medan inntrykka er ferske. Sals- eller skjenkestaden sin uttalefrist på to veker kan i utgangspunktet verke romsleg, med tanke på at det er den faktiske situasjonen det skal gjerast greie for. Detaljane vil gjerne forsvinne etter som tida går. Samtidig kan det i tilfelle av alvorlege lovbrøt vere behov for å konsultere bransjeorganisasjon eller advokat før ein kjem med sin uttale.

Med helsing

  
Bjørg Østerbø  
einingsleiar

  
Oddny Myrseth  
sakshandsamar